

Alver kommune Plan og byggesak
Plan og byggesak HAnne
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: f24a26c1-2bad-47e2-
88fe-639d8e2b0a96

Vår: 23/6183 - 23/74469

Saksbehandlar:

Laila Bjørge

laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:

25.09.2023

Uttale frå landbruksavdelinga til søknad om oppføring av fritidsbustad gbnr 25/14 Tveiten nedre

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNFR-formålet for oppføring av fritidsbustad på ca. 100 m². I denne omgang er det kun søkt om dispensasjon frå arealføremålet.

Aralet er i gardskart registrert som produktiv skog, men sidan det allereie er frådelt til anna føremål har dette mindre betydning. Markslaget vert ikkje endra før tomten er bygd på, men arealbruken er tatt stilling til i samband med deling.

Denne tomten vart frådelt i 1943 etter dei delingsbestemmelsane som gjaldt då, og landbruksavdelinga meiner at det ikkje skal handsamast etter jordlova ein gong til. Arealet er ikkje dyrka eller dyrkbar mark, og krev difor ikkje omdisponering.

Korvidt det er uheldig for landbruket i området kan diskuteras. Tomten ligg på ein rygg og grensar mot anna frådelt tomt og skog. Veg fram til hytta går delvis langs slåttemark og innmarksbeite. Det er berre tale om utbygging av ein tomt, og soleis meiner landbruksavdelinga at dei negative konsekvensane for landbruket ikkje vil vera så store at dei kan leggjast avgjerande vekt på. For landbruket er det viktig med store samanhengande areal utan infiltrasjon av anna arealbruk, for det er det som best kan gje grunnlag for økonomisk drift. I området rundt tomten har tidlegare frådelingar, vegar m.m redusert landbruksverdien.

Fammestad ligg i Kløvheim krinsen, som har utfordringar med å oppretthalda busetnad, m.a på grunn av manglande tilgang på byggjeklare tomter. I eit samfunnsperspektiv hadde det difor vore meir fornuftig at det vart bygd eit bustadhus på denne tomten. Generelt er det lite hensiktsmessig å blanda fritidshus og bustadhus saman, då desse to gruppene ofte vil ha ulike interesser knytt til arealbruk m.m.



Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG